# KYRKJEBLAD FOR ÅL



ETTER SKULETID / HVERDAGSRYTMEN / TRO OG LYS 10 ÅR
50-ÅRSKONFIRMANTAR / FRÅ TRUSOPPLÆRINGA / BUK 2019

NR. 4 | 2019 | 60. ÅRGANG



*«Min død er din oppstandelse!» Dette er ord en kvinne hørte da hun fortvilt ropte til Gud etter en dypere mening med livet. For sitt indre fikk hun et syn, en tom grav som ble opplyst utenfra. Deretter kom ordene til henne: Min død er din oppstandelse! Korset minner oss både om kamp og om seier. Langfredag var korset det sted hvor Jesus døde. For kristne er det samme korset i dag det fremste symbolet for liv.*

MONUMENTET I HELGEROA, KORSET OG SVERDET
TEKST OG FOTO: ARNE JENSEN



Av Arne Jensen

## Fra sverd til kors

I utkanten av Larvik (min hjemby!), helt nede ved sjøen ligger Helgeroa. I dag et sjarmerende og idyllisk lite tettsted, om sommeren en turistmagnet. Slik har det ikke alltid vært. Det var like utenfor her slaget ved Nesjar stod 25. mars 1016. Der kjempet Olav den hellige mot norske stormenn under ledelse av jarlen Svein Håkonsson. Sistnevnte sies å ha stilt med 45 skip og 3000 mann, mens Olav hadde 30 skip og en besetning på til sammen 2000. Olav og hans menn seiret i dette som er beskrevet som et av de mest avgjørende sjøslag i vårt lands historie.

Tusen år senere, i 2016, ble det reist et monument til minne om hendelsen. (Se forsiden av bladet.) To åtte meter høye larvikittblokker er stilt mot hverandre. Et stykke opp på søylene er det laget to innhugg. Det gjør at luftrommet mellom steinene får form av et kors. På bakken foran korset ligger et brukket sverd, også dette åtte meter langt. Dermed får sverdet og korset samme form. Ser man på søylene som de to stridende parter, så har sverdet som en gang skilte dem nå falt til jorden og blitt erstattet av korset.

Når temaet er trosspørsmål argumenteres det ofte sterkt for betydningen av å være nøytral. Et stort kors reist på en offentlig plass er ikke nøytralt, men unikt. Noen har et lite kors hengende på veggen i hjemmet sitt. Noen gjør korsets tegn når de går inn i en kirke. Noen har et kors i et kjede om halsen. Alle håp Bibelen tegner står og faller med Jesu død og oppstandelse. For den kristne kirke er korset derfor helt avgjørende. Ved dette korset finner troen trøst. Ved dette korset finner troen håp, endog innfor døden. Også korset ved sjøkanten i Helgeroa er en sterk påminnelse om dette. Når jeg står ved dets fot har det himmelen som bakgrunn. Snart går turen dit igjen.

## «ETTER SKULETID» i Ål kyrkje

*Dette er eit tilbod til alle barn på 4.-7. trinn. Kvar måndag frå 9.september har vi open kyrkje/ kyrkjestugu slik at dei som ynskjer kan komme å vere der.*

Vi startar med å ete mat i lag, og etterpå kan ein gjere lekser, spille spel eller leike. Det er opent for å vere kortare tid dersom nokon må vidare på andre aktivitetar.

Vi ynskjer at dette skal vere ein trygg og god stad der barna kan få vere i eit miljø med mange vaksne som har tid. Året 2018-2019 var vi opp mot 32 barn på «Etter skuletid». Vi har mellom anna pynta muffins, malt, samla inn pengar til fasteaksjonen, leika med Etterskuletid-hunden Leah og lært å fikse syklar med Knut Myking. Vi har fokus på dei varme verdiane og at vi skal bry oss om kvarandre og verda vi bur i. På slutten av dagen har vi gjerne undring i kyrkjerommet. Der kan vi til dømes tenne lys for nokon vi tenkjer på, høyre ei bibelforteljing eller gje kvarandre positive ord.

**Velkommen til deg som går på 4.-7. trinn.**

*Kristine G. Andersen*
*Hilde Kirkebøen*




**KYRKJEBLAD FOR ÅL**

**REDAKSJONSKOMITÉ** Tone Idunn Kjerland Anthun • Arne Jensen • Olav O. Moen
**BANKGIRO** 2320.20.70272 | **ADRESSE** Postboks 140, 3571 Ål | **UTGJEVAR** Leveld, Torpo og Ål sokneråd
**GRAFISK PRODUKSJON** Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

**KYRKJA I ÅL**

**KYRKJEKONTORET** Ope tysdag–fredag kl. 09.00–14.00 | Tlf. 32 08 61 61 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkja.no
**PROST** Sveinung Hansen | **PROSTIPREST** Arne Jensen | **SOKNEPREST** Vigdis Moen Storhaug | **KYRKJEVERJE** Kjellfred Dekko | **SEKRETÆRAR** Line Østro • Guro Stave
**KANTOR** Audun Flaen | **MUSIKARAR** Ingunn Stræte • Håkon Tveito | **DIAKON** Hilde Kirkebøen | **KYRKJELYDSPEDAGOG** Kristine Giljebrekke Andersen | **REINHALDAR** Rezene Habtom
**KYRKJETENARAR** Håkon Tveito • Per Hermann Kolsrud • Morten Storhaug | **SOKNERÅDSLEIAR** Einar Brattegard | **FELLESRÅDSLEIAR** Torfinn Slåtto




# DISIPPELPULS

*En sommer er over. Har du funnet tilbake til rytmen i hverdagen etter ferien?*



Av Berit Kilde

Familien min er så heldig å ha en leilighet i Stavern, nær kyststien, Lydhusstranda, Svenner fyr og andre sommerparadiser. Her kan vi «lade batteriene». Det beste er at vi kan sykle til Stavernhallen! Hele sommeren fylles hallen av mennesker som vil søke Jesus, lovsynge Han og høre Hans ord.



Misjonskirken (Liv og Vekst) hadde i år temaet: «Bibelen». Uken etterpå var det Frikirken (Visjon) som overtok hallen med temaet: «Rikelig». Fokuset har vært på Den Levende Boka som gir liv og bygger tro.

Kolosserne 3:16-17: «La Kristi ord bo rikelig blant dere, så dere lærer og formaner hverandre i all visdom med salmer og lovsanger og åndelige viser og synger med takknemlighet i deres hjerter for Gud. Og alt dere gjør, i ord eller gjerning, gjør det alt i Herren Jesu navn, med takk til Gud Fader ved ham.»

Å ha en fast rytme i livet, kan være med å styrke Jesus-troen og fellesskapet vårt. I Misjonskirken kaller de denne rytmen for disippelpuls. Disse pulsslagene/vanene: Fellesskap, bønn, tjeneste, hvile, lovsang og bibellesning, kan hjelpe oss til å leve som kristne i hverdagen.

Guds ord skal ha rikelig plass hos oss, i hjemmet og i menighetene. Mange ganger skjer det ikke så mye når vi leser, men vi fyller oss med Guds ord. Av og til, plutselig, er det som om Jesus er midt i rommet og sender et ord rett til meg. Ordet blir levende fordi Jesus lever! Så skal vi få tjene og hvile, synge og be. Slik kan vi oppleve «å lade batteriene» gjennom hele året og hele livet.

Å finne pulsslagene i kristenlivet er lettere dersom man kan gjøre det sammen med noen, f.eks lese Bibelen i smågrupper, ta med seg noen på gudstjeneste, engasjere seg i lokalmiljøet og hvile seg på retreat.

> Å leve med disippelpuls handler først og fremst om å leve med Jesusfokus!

I den siste ferieuka vår i Stavern, var det GOfest med Ungdom i Oppdrag. Med temaet: «Mer av Jesus» og mye lovsang, var det ikke tvil om hvor fokuset var: «Lovsyng, vår Herre, den mektige konge med ære!» «Gi meg Jesus, bare Jesus!». Å leve med disippelpuls handler først og fremst om å leve med Jesusfokus! Det er en iver etter å se unge mennesker leve nær Jesus, få tak i de enkle sannhetene i evangeliet og leve det ut der de er, om de så er langt borte hos unådde folkeslag, i lokalmenigheten eller i hjemmet eller på jobben. «Og alt dere gjør, i ord eller gjerning, gjør det alt i Herren Jesu navn med takk til Gud Fader ved ham.».

## Gårdsbesøk

I midten av mai var 1. trinnsbarn ønska velkommen til Kvelprud gard i Liagardane. 11 forventningsfulle 1. klassingar møtte opp i lag med føresette og sysken. Barna fekk god tid til å leike og halde koppelamma. Dei fekk også helse på store kalvar, og det var svært spennande. På tunet trippa det høner, og ein bekk blei eit naturleg samlingspunkt for fleire av dei. Etter at barna hadde fått blitt kjend med dyra og garden, var det tid for samling. Her blei dei kjend med lammet, Timmy. Timmy (eit kosedyr) fortalte om då han kom bort frå dei 99 venene sine. Kor redd han var der han låg bak ein tornebusk. Barna fekk vere med inn i forteljinga og dei viste stor glede når endeleg gjetaren fann att Timmy. Kven er den gode gjetaren? «Per», svarte eitt av barna. Ja, Per er nok ein god gjetar, men Jesus er også den gode gjetaren som er så glad i kvar og ein av oss. Takk til familien Kvelprud som var eit supert vertskap denne ettermiddagen.

*Kristine G. Andersen*



Foto: Per Kvelperud

## Tro og lys
# Feira 10 år i Ål

*27. mai var det feiring i Kyrkjestugu. Gjester, deltakarar og leiarar frå desse åra, eit trettitals, var samla til markering av fellesskapet.*

Men det hadde starta enno tidlegare: Hausten 2000 hadde Sigrun Kaslegard invitert til eit psykisk fellesskap for dei som kan trenge bistand på ymse vis som psyke, transport mm. I dagleg vyrke hadde Sigrun sett behovet og som diakonvikar fekk ho med seg gode hjelparar. I 19 år har dei møttest kvar månad for felles sang, underhaldning og deling av Guds ord. Frå 2009 vart gruppa tilslutta Tro og lys Norge og ei styringsgruppe tok over. Mange har delteke i arbeidet. Frå 2009 var Liv Kjellfrid Stølen leiar, no er det Heidi Langegard som styrer desse.

Tro og Lys er ein internasjonal, kristen bevegelse som arbeider for at menneskje med utviklingshemming og deires familiar skal finne plass i kyrkje og samfunn. Bevegelsen starta i 1971 inspirert av kanadieren Jean Vanier og spesialpedagogen Marie- Hélène Mathieu. Den norske greina av Tro og Lys vart stifta i 1990. I dag er det 12 godkjente grupper i Noreg.

Gruppa er for alle som ynskjer fellesskap med menneske med funksjonshemming. "Alle har lik verdi. Alle har jo sine



Foto: Vigdis Moen Storhaug

Sigrun Kaslegard og Brynjulf Haugen.

hemningar, sjølv om ikkje alle hemningar er like synlege. Ingen er berre det ein ser", seier ein av deltakarane .
Til vanleg møtast 15-20 personar regelmessig kvar siste måndag i månaden i kyrkjestugu. Der set vi oss i ein ring og ynskjer kvarandre velkommen. Og så kan dei som vil, dele gode eller vanskelige opplevingar og tankar. Kanskje har vi ein leik eller aktivitet, eller vi syng og les dikt.

Måltidet og måltidsfellesskapet er viktig. Her er det mange som hjelper til, så vi får eit pynta bord og god kveldsmat. Samlinga avsluttar inne i kyrkja under Ål-taket med fløytemusikk, lystenning, truvedkjenning, bøn og ein "tru og lys tanke". Alt foregår i ein rolig og god atmosfære.

Gruppene er økumeniske, opne for menneskje fra ulike kyrkjesamfunn. Det er lutherske og katolske prester / diakoner knytte til gruppene. Dei er tilslutta den internasjonale Tro og Lys - bevegelsen (Foi et Lumière, Faith and Light). I dag er meir enn 1400 Tro og Lys - grupper i 86 ulike land tilslutta bevegelsen (01.02.2019).

*Olav Moen*

### Velkommen til Tro og Lys

Ål gruppa, hausten 2019
I Kyrkjestugu og kyrkja kl.17.00-19.00

**MÅNDAG 26. AUGUST**
Tur til Vats Fjellkyrkje. Sigurd Dahle

**MÅNDAG 23. SEPTEMBER**
I kyrkja: Guri Ekse

**MÅNDAG 28. OKTOBER**
I kyrkja: Konsert med Tore Thomassen

**ONSDAG 20. NOVEMBER KL.18.00**
Tro og Lys julekonsert i Ål kyrkje
"Musikk for alle" frå Nesbyen. Kåre Sand, torader
Åshild Høgberg, dikt.
Helsing v/ Vigdis Moen Storhaug
Mat og program i Kyrkjestugu kl 16.30

### Formiddagstreff hausten 2019

**KL.11 -13 I ÅL KYRKJESTUGU**

ONSDAG 4. SEPT.:
Tema v/ Trond Andersson: Bøker og bilder.
Andakt: Marianne Laa

ONSDAG 2. OKT.:
Tema v/Steinar Aa: Gravferdstenester før og no.
Andakt: Sveinung Hansen

ONSDAG 6. NOV.:
Tema v/ Gunn Britt Skarsgard; Mor si skjulte historie frå polititroppane under 2. verdskrig.
Andakt: Kristine Giljebrekke Andersen

ONSDAG 4.DES.:
Tema v/Vigdis Sønstelid: Eventyrhuset, Skeiestugu. Andakt: Guri Ekse

ONSDAG 8. JAN. 2020.:
Tema v/Tore Bøygard : Frå kyrkjetenar til skiskyttarpresident. Andakt: Arne Jensen

**KL.12 -14. VATS BEDEHUS** i Nordbygdene
ONSDAG 25. SEPT
Tema v/ Opplesing frå «Mi livssoge fortalt av Birgit Einarsen». v/Borgny Feten. Andakt: Arne Lie

ONSDAG 27. NOV
Tema v/ Knut Oleivsgard: Farbror Otto sin jakttur på Reineskarvet under krigen.
Andakt: Magny Folkedal

*For meir info; www.aal.kyrkja.no*
*og annonse i Hallingdølen*

## 1969-2019
# 50-årskonfirmantane

Sundag 26. mai var det Folkemusikkgudsteneste i Ål kyrkje og etter tradisjon var jubilantane invitert til denne og til ei samling på Ål Gjestestugu etterpå. I 1969 var 56 konfirmert i kyrkja, no hadde 32 meld seg til middagen og feiring. Tormod Skarsgard leidde bordsetu og nokre av jubilantane delte gamle minne med uss som var der. Då kaffien var klar vart dei overlete til seg sjølve i underetasjen.

PS. Jubilantane vil få tilsendt foto på e-post om dei ynskjer det. Dersom du ikkje har fått foto er det truleg fordi kyrkjekontoret manglar adressa di, send den til aal.kyrkje@hallingnett.no.

*Olav Moen*



Foto: Olav Moen

Bakerst frå venstre: Olav Thoreplass, Asbjørn Haga, Leif Espegard, Svein Erik (Djupedokken) Holtegard Strand, Kjell Harald Strendo, Lars Luksengard, Ragnar Waldrop og Jan Warberg.

3. rad: Lars Jordet, Lars Helling, Henrik Ballangby, Per Egil Sundbrei, Torild Hovda, Gerd Magni Myro, Anne Hovda og Gudmund Bæren.

2. rad: Karen Margrethe (Heiland) Toppen, Reidun Marie (Hagen) Thorsen, Solveig Jenny (Evjen) Helling, Berit (Arnøy) Austad, Gunvor Sørbøen Larsen, Ingrid Marie (Høgseth) Espedokken, Liv Berit Luksengård, Ingrid Gunvor Roen Søndeland og Frøydis Tveito.

Fremst: Randi Ruud, Bjørg Haugen Røv, Målfrid Bergaplass Anderson, Berit Sveinhaug, Anne Kari (Sato) Nordengen, Mona Berit (Skalle) Strendo, Kristi (Kaslegard) Spilling, Berit (Brenna) Pedersen og Margit Kristine Opheim.

## Kyrkjevalet
2019

### Kirkevalget – din stemme teller!

**Kjære kirkemedlem!**
Vær med å prege morgendagens kirke!

Vi trenger engasjerte kvinner og menn til å lede kirken lokalt, regionalt og nasjonalt. Menighetsrådet leder menighetens virksomhet der du bor, bispedømmerådet ansetter prester og enkelte andre ansatte i kirken, og medlemmene av bispedømmerådet er også medlemmer av Kirkemøtet, det høyeste organet i Den norske kirke.

Gjennom kirkevalget har du mulighet til å være med å gi retning til hvordan kirken skal fremstå lokalt i din menighet, regionalt i Tunsberg bispedømme, og nasjonalt. Du har innflytelse på hvordan kirken skal bli ledet.

Jeg oppfordrer alle til å bruke sin stemmerett, og ta medansvar for kirkens rolle og innflytelse i en avgjørende tid for kirke og samfunn.

Godt valg!

*Biskop Jan Otto Myrseth*



Foto: Tone I. K. Anthun

Alle som er over 15 år, eller fyller 15 år i 2019, og er medlem i Den norske kirke kan stemme ved kirkevalget

# Haustfestar/ jubilantfest

**for pensjonistar i Ål, Torpo og Leveld 2019**

Diakoninemndene i Ål, Torpo og Leveld held fram med dei populære haustfestane sine. Her blir det gode foredragshaldarar, flinke musikarar og eit godt festmåltid. Sjå annonse i avisa for nærare informasjon, eller på kyrkja si heimeside; www.aal.kyrkja.no

Årets jubilantar, 75-80-85-90-95-100- blir særskilt inviterte, men alle ander som har høve, er hjarteleg velkomne.

ÅL KYRKJESTUGU, TORSDAG 12.SEPTEMBER KL.18.00
Kåsør: John Willy Johnsen; historia til arbeiderbevegelsen i Ål
Helsing ved prost Sveinung Hansen. Musikk ved Tippelaget

ACTIF HOTELL, VOTNDALEN: SUNDAG 13.OKTOBER KL.12.30
Festtale og andakt ved Bertel Åsen: «Mine opplevingar av diakoni i inn- og utland». Musikk v/Ingunn Stræte

TORPO HUGNADHEIM, LAURDAG 12. OKTOBER KL. 12.00
Dans av ungdomane ved Hugnadheim
Småmat og blautkake (me treng påmelding pga småmaten).

Treng du skyss til nokon av arrangementa, ring 3208 6161
Vel møtt!

*For diakoninemndene*
*Sigurd Dahle, Ål*
*Vigdis Vedvik Gåsterud, Torpo*
*Gunn- Britt Eimer Skarsgard, Nordbygdene*



Foto: Unsplash




## Kyrkjelaurdag og bokutdeling i Ål-kyrkjene

Trusopplæringa vil i lag med sokneprest Vigdis Storhaug organisere kyrkjelaurdagar for barn frå 4-7 år i haust. Vi planlegg kyrkjelaurdagar for eldre barn vårsemesteret 2020.

Vi samlar 4-7 åringar i Leveld kyrkje til spennande stasjonar, bibelundervisning og opplevingar 14. september. Vi kjem til å vere eit heilt team som tek dei imot, og vi tilpassar opplegget etter alder. Heile familien er invitert til stor familiegudsteneste med utdeling av 4-7-årsbøker sundag 15.september.

I Torpo og Ål har vi kyrkjelaurdag 21.september og familiegudsteneste med utdeling 22. september. Kyrkjelaurdag vil vare i to timar.

Merk at gudstenesten i Ål begynner klokka 17.00 den 22. september. Vi gler oss stort til å møte mange barn og til å feire ein storstilt festgudsteneste i lag.

*Kristine G. Andersen*

FRÅ TRUSOPPLÆRINGA

## Plan for semesteret

**«ETTER SKULETID»**
Kvar måndag i Ål kyrkjestugu/kyrkje med oppstart 9.september, kl. 14-16

**«SPRELL LEVANDE FAMILEBALUBA»**
på Evjens: Tacofredag, aldersdelte samlingar for barn og tweens og leikar/aktivitetar. Datoar: 13/9, 11/10, 8/11.
Kl. 1630 – 19.Søk opp på Facebook.

**KYRKJELAURDAG OG BOKUTDELING**
Leveld 4-7 år: 14.-15.september
Torpo og Ål 4-7 år: 21.-22.september

**MINIBUK**
For barn frå 1.-3. klasse måndag 18.november. Eldre barn kan vere med som juniorleiarar.

**STRÅL BARNEGOSPEL MINI OG MAXI**
Opptart september/oktober. Det blir musikal og mykje moro for store og små. Meir informasjon kjem. Søk opp StrÅL mini/StrÅL maxi på facebook. StrÅL maxi er frå 2. klasse.

**TORPOENGLANE**
Søk opp på Facebook og kontakt Johanne Marie Jorde på 971 73 937 for informasjon.

**SPEIDERGRUPPE**
Me starter opp onsdag 27.8 kl 18 ved Borgstugu. Alle velkommen frå 2. trinn. For informasjon, kontakt Ingeborg K. Frydenlund på 908 65 602



# VI GÅR I KYRKJA

**08.09.19**

| | | |
|---|---|---|
| Torpo kyrkje | 11.00 | Gudsteneste<br>Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet |

**15.09.19**

| | | |
|---|---|---|
| Leveld kyrkje | 11.00 | Gudsteneste m/konfirmantpresentasjon<br>Takkoffer: Skjærgårds Live Ål |

**22.09.19**

| | | |
|---|---|---|
| Torpo kyrkje | 11.00 | Gudsteneste m/Konfirmantpresentasjon<br>Takkoffer: Trusopplæringa i Ål |
| Vats fjellkyrkje | 11.00 | Sportsandakt<br>Takkoffer: Vats fjellkyrkje |
| Ål kyrkje | 17.00 | Gudsteneste m/konfirmantpresentasjon<br>Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet |

**29.09.19**

| | | |
|---|---|---|
| Vats fjellkyrkje | 11.00 | Gudsteneste<br>Takkoffer: Vats fjellkyrkje |
| Ål kyrkje | 19.00 | Gudsteneste<br>Takkoffer: Sjømannskyrkja |

**06.10.19**

| | | |
|---|---|---|
| Ål kyrkje | 11.00 | Gudsteneste<br>Takkoffer: Misjonsprosjekt i Nepal |
| Vats fjellkyrkje | 11.00 | Sportsandakt<br>Takkoffer: Vats fjellkyrkje |
| Torpo kyrkje | 19.00 | Gudsteneste<br>Takkoffer: Norges KFUK-KFUM |

**13.10.19**

| | | |
|---|---|---|
| Ål kyrkje | 11.00 | Gudsteneste<br>Takkoffer: Ål sundagsskulelag |

**20.10.19**

| | | |
|---|---|---|
| Torpo kyrkje | 11.00 | Misjonsgudsteneste<br>Takkoffer: Misjonsprosjekt Nepal |

**27.10.19 Bots – og bønedag**

| | | |
|---|---|---|
| Ål kyrkje | 11.00 | Gudsteneste<br>Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet |

**03.11.19 Helgemesse**

| | | |
|---|---|---|
| Leveld kyrkje | 11.00 | Helgemesse<br>Takkoffer: Diakoninemda i Leveld |
| Torpo kyrkje | 11.00 | Helgemesse<br>Takkoffer: Diakoninemda i Torpo |
| Ål kyrkje | 17.00 | Helgemesse<br>Takkoffer: Diakoniarbeidet i Ål |

## DØDE

**Ål:**
04.05. Anne Sorteberglien f.1912
08.06. Gunn Jorunn Sundrehagen f.1947
22.06. Torgeir Opsata f.1958
18.07. Alvhild Sande f. 1929
21.07. Guri Kvelprud f. 1924
02.08. Eilif Torgeir Olsen f. 1944
03.08. Kari Lien Nilsestuen f. 1943

**Leveld:**
02.06. Ragnhild Skinstad Hagen f. 1932

## DØYPTE

**Nystølskyrkja:**
28.07. Gaute Haugo Kolbjørnsgard

**Leveld:**
16.06. Liv Bjørnå Lappegard
07.07. Noah Hefte Luksengard

**Ål:**
26.05. Henrik Tufto Medgard
21.07. Mathilde Weggersen Baklien

**Røros Kyrkje:**
16.06. Tiril Mortensdatter Søndrol

## VIGDE

**Ål:**
22.06. Stine Ingjer Eriksen og Per Håvard Sørbøen

Neste nr. av kyrkjebladet kjem ut i oktober.
Stoff til bladet må leverast kyrkjekontoret/epost:
tone-idunn.anthun@hallingnett.no
**Frist innan 29. september**

vipps

**Takkoffer med Vipps! Søk opp aktuell kyrkje i Vipps-appen på smarttelefonen eller bruk følgjande nr:**

***Torpo kyrkje: 95799 / Ål kyrkje: 95789***

***Leveld kyrkje: 95798 / Vats fjellkyrkje: 95796***

KYRKJEVERJA SITT HJØRNE

## Feste av grav

Det er gjerne nevø eller niese som står som festar for ei grav etter ei barnlaus tante. Oppført festar har alle plikter og rettigheiter til ei grav. Difor hender det at me slettar ei grav som andre meiner burde vore festa opp att. Hugs å undersøk med syskenborna dine før du gjer store endringar som til dømes å fjerne gravsteinen eller slette grava.



Foto: Kristine G. Andersen



Foto: Kristine G. Andersen



Foto: Ingrid K. Hajem

T-skjorter

# BUK 2019

*Tre flotte konfirmantar blei spurde om kvart sitt spesialoppdrag til BUK 2019. Vetle Hvitsand blei spurt om å teikne ein figur til BUK-T-skjortene. Han har vist seg å vere ein dyktig teiknar og illustratør. Kristin Håheim skulle designe skrifta og vere ei av hovudleiarane på BUK i lag med Birgit Trintrud.*

Eg tok ein prat med dei og spurde kva dei tenkjer om å få slike oppdrag. Vetle smiler og seier at han synes det var gøy å få ei slik oppgåve. Han fortel at han alltid har elska å teikne. I sjette og sjuande klasse blei teikninga verkeleg viktig for han. Det handlar om å teikne mine eine karakterar og eg kan lage ei eiga verd. Vetle legg til at det var fint at eg spurde Kristin om å designe skrifta fordi ho er så flink til å skrive.

Kristin strålte då eg spurde ho om å designe skrift og ho tok seg tid til å designe skrifta midt i all konfirmasjonsførebuing. Kristin og Birgit har vore med på BUK i mange år frå dei var små. No blei dei to utfordra til å vere med som gruppeleiarar. Dei har vore med i planlegginga av BUK og har leia kvar sin gruppe med glans. Dei andre vaksne leiarane var så imponert av jentenes innsats. Eg tok ein liten prat med Birgit. Kvifor vil du vere leiar på BUK? «Det er fordi eg er så glad i barn og det er gøy å vere med dei. Dei ser opp til deg og sånn. Det er så mange fine barn her, og eg koser meg.» Birgit smiler med heile seg. Ho avsluttar med å seie: «Bli med du som liker barn og vil bety noko for andre!»

*Kristine G. Andersen*



Konsert med

## TORE THOMASSEN

28. oktober kl 18 i Ål kyrkje

Tore Thomassen er en norsk tekstforfatter, komponist og musiker. Han har skrevet bøker, musikaler, forestillinger og sanger, både for barn og voksne, utgitt en rekke plater og drevet turnévirksomhet over hele Norge, i regi av Rikskonsertene og i kirker og bedehus. Han har bl.a. laga flere sanger som blir brukt på Tro og lys.